

# Flukt på havsvalens vinger

Hovedartisten på ukens utvalgte plate kommer fra en familie som har gjort seg svært bemerket på tidligmusikkens område. Familien Savall.

**Pappa Jordi** og mamma Montserrat Figueras dannet i 1974 ensemblet «Hesperion XX». Samme år ble datteren Arianna født. Ensemblet er fortsatt aktivt, nå under tittelen «Hesperion XXI», siden vi har gått inn i et nytt århundre, og det har ikke mistet noe av gløden og formidlings-evnen som har preget dem i snart førti år. Den eneste forskjellen er at mamma Montserrat døde i november i fjor, etter en lang kamp mot kreften. Ensemblets hovedrepertoar er musikk fra den iberiske del av Europa. Besetningen kan være fra en til tolv musikere, og kjente navn som luttspilleren Hopkinson Smith, fløytist og perkusjonist Lorenzo Alpert, og vår egen eminente lutt- og mandolin-spiller Rolf Lislevand har vært framtrædende medlemmer av gruppa. Pappa Jordi er ansett som verdens kanskje ledende gambist. Montserrat Figueras begynte tidlig å spesialisere seg i tidligmusikkens «mysterier», og var ved sin død fortsatt ansett som «dronningen» av katalansk og iberisk vokaltradisjon. Ekteparet står også som grunnleggere av to andre ensembler, «La Capella Reial De Catalunya» og «Le Concert Des Nations», der repertoaret er utvidet fra tidlig middelalder til sentrale deler av fransk og tysk barokk og klassisisme. Men den største og kanskje viktigste bolken er alle de historiske tema-utgivelsene.

**Men tilbake til hovedartisten** på ukens utvalgte, Arianna Savall, den begavede datteren, som i mange år var en del av «Hesperion», men som for noen få år siden valgte å gå egne veier, sammen med partneren Petter Udland Johansen, en norsk musiker som trakterer både hardingfele og mandolin og som bidrar med vokale innslag. De har nå laget sin første CD på ECM som de har kalt «Hirundo Mares», som på norsk kalles havsvaler. Med undertittelen «Chants Du Sud Et Du Nord», vil paret vise oss skjulte skatter i folkesangtradisjonen i Norge, Catalonia og i de jødisk-spanske sefardiske balladene. Og resultatet er overveldende vakkert.

**Arianna Savalls stemme** er lys og velfokusert. Når hun synger så fornemmer man tydelig en fugls



Petter Udland Johansen og Arianna Savall presenterer skjulte skatter i folkesangtradisjonen på «Chants du Sud et du Nord».

FOTO: KAROLINE AMAURY/ECM RECORDS



## «Hirundo Mares»

«Chants du Sud et du Nord»  
Arianna Savall,  
Petter Udland Johansen med venner.  
(ECM 2784395)  
(CD)

flukt. Hun er en mester i avfraseringer, bare hør på slutten av det andre kuttet, «Buenas Noches». Kan det gjøres lektere? Petter Udland Johansen har en myk, lyrisk tenor som han bruker med suveren kontroll. Og de to stemmene kler hverandre som hånd i hanske. Ta Bendik og Årolilja, for eksempel. Hør hvor fint de modulerer samklagen. Eller ta den elegante «El Mariner», som forteller en historie om en jomfru fra Middelhavsområdet og en ridder fra Norden. Hun trenger silke til sitt broderi. Han tar henne med på sitt skip. Hun vil til land. Han nekter. Han har funnet henne han har søkt i sju år. Han er nemlig konge av England. Jeg må innrømme at jeg var ganske fremmed for dette repertoaret. Men takker for anbefalingen å lytte til den. For det har vært en sann fornøyelse fra ende til annen. Og det som også er et medvirkende element til den medrivende opplevelsen det har vært, er de herlige og musikalske kreative arrangementene. Stort sett foretatt av hovedpersonene selv, og som framføres med varme og overskudd av hele gruppa, som ellers består av Sveinung Lilleheier på gitar og dobro,

Miguel Ángel Cordero på kontrabass og perkusjonisten David Mayoral som trakterer små sølvklokker og andre relativt uvanlige, men høyst delikate medlemmer av dette omfattende instrumentariet.

**Som dere forstår** inneholder denne utgivelsen fra ECM «Hirundo Mares» med Arianna Savall, Petter Udland Johansen og venner, noe av den mest vemodig vakre og samtidig livsbejende overskuddsmusisering jeg har lånt øre til på veldig lenge. Det skyldes ikke minst Savalls stemningsfulle harpespill i hennes egen «Le Chant Des Étoiles» og den sprelske versjonen av «Ormen Lange». En sikker vinner når årets plater skal kåres.

**KJELL HILLVEG**



# Frå Polen til ei verd av jazz

– Når du er ærleg mot deg sjølv, blir musikken best, seier den polske pianisten Marcin Wasilewski.

Fredag hadde Wasilewskis trio konsert på Nasjonal Jazzscene i Oslo, i dag sit han på den same scena som pianist i den europeiske kvintetten til Arild Andersen.

– Eg tok over pianokrakken etter Carsten Dahl for eit år sidan, og no har vi nett spelt konsert Sardinia, seier Wasilewski. Han spelar i ein trio som før alvor vart kjend då nestor i polsk jazz, trompetisten Tomasz Stanko gjorde dei til ein del av sin nye kvartett og dei i 2001 spelte inn sitt første ECM-album saman, «Soul Of Things». To album til følgde med Stanko, før trioen som før hadde spelt inn fem plater på andre merke, kom på ECM med fire kritikarrote album frå «Trio» i 2004 til fjorårets strålende «Faithful».

Dagsavisen møtte dei første gong etter ein konsert i Molde i 2008, det året dei gav ut albumet «January», og dei skrytte hemningslaust av Stanko. Legg til at Wasilewski også spelar i bandet til Manu Katche, der han har møtt både Trygve Seim, Mathias Eick og Tore Brunborg. Etter mange ECM-turar elles til Norge og studioet til Jan Erik Kongs- haug, er Wasilewski lokalkjend nok til å finne vegen frå Frogner til Kaffistova på sykkel.

## MØTET MED ANDERSEN

– Det første møtet med Arild Andersen var i ein kvintett med to polske og tre norske musikarar som heldt ti konsertar i begge land. Seinare ringde Arild ein dag og bad meg ta første fly. Eg måtte ta over på piano etter Carsten Dahl i kvintetten hans. Etter det har vi spelt konsertar i Kongsberg, Haugesund, Lugano og Sardinia, og eg kjem til å halde fram i bandet.

Dei andre er Tommy Smith (saksofon) Markus Stockhausen (trompet), og Patrice Héral på trommer, og Stockhausen veksler av og til med Paolo Fresu som trompetist.

## TRIOEN

I trioen spelar Wasilewski, fødd i 1975 i Slawno, saman med bassisten Slawomir Kurkiewicz og trommeslagaren Michal Miskiewicz, og samarbeidet dei imellom starta i skuledagane, først med Wasilewski og Kurkiewicz som voks opp saman.

– Vi spelar framleis av og til med Stanko, som no har ein amerikansk kvartett og spelar med ein finsk trio, men han vil for alltid vere vår store mentor. Det var han som lærde oss å dyrke fridomen i jazzen og å vere ærlege i musikken, seier Wasilewski. Trioen debuterte i 1995 med albumet «Komeda» og gav ut fire til før ECM-debuten «Trio» i 2004.

– Når vart de oppdaga av Stanko?

– Gjetordet gjekk då vi debuterte som festivalband i Warszawa i 1994. Eg



Marcin Wasilewski, polsk jazzpianist med mange jarn i elden og to band i Oslo.

FOTO: INA INGLINGSTAD

og bassisten var atten år gamle, trommeslagaren seksten, og vi og Stanko har kjent kvarandre sidan.

## FILMJAZZ

– Tomasz Stanko er kjend for samarbeidet med filmkomponisten Krzysztof Komeda i filmene til Roman Polanski. Det dukkar også opp filmtitlar på albuma dykkar. Kvifor?

– Dette handlar om viktige hendingar før vi kom til verda. Ein av songane våre heiter «Cinema Paradiso», og vi kalla det første albumet «Komeda» fordi vi likar musikken hans. Etterpå har eg også sett Polanskis store film «Kniven i vannet», og det er ein av mine favorittar.

– Der medverka det også ein skandinavisk musikal i filmbandet?

– Du tenkjer på den svenske saksofonisten Bernt Rosengren. Eg har møtt han i Sverige og vi spelte sjølvstakt musikk frå filmen.

At trioen ber namnet til Wasilewski er mest av praktiske grunnar, for sjølv om han skriv det meste av musikken fungerer dei som eit kollektiv av likeverdige.

– Kva er så spesielt med Tomasz Stanko?

– Han har inspirert oss både åndeleg og musikalsk, han er framleis like vital, og er ei oppleving i seg sjølv å ha med på scena.

## OPPLEVINGA

– Kvifor vart du jazzpianist?

– Eg har ein onkel og ein far som er musikarar, og alt som liten gut byrja eg å høyre på kassetane til far min. Eg var berre seks sju år gamal då eg hadde det eg hugsar som mi første musikalske oppleving, etter å ha fått på meg eit hovudsett og høyrdet eg seinare lærde var frå Keith Jarrett, og det var meir der det kom frå av andre store namn. Musikken var så vakker og så varm, tykte eg. 13–14 år gamal var eg første gong på festival og høyrdet Michael Brecker og andre.

– Kva var den første spelejobben?

– Det var når eg og Kurkiewicz byrja på musikkskulen i heimbyen Koszalin, det var konsertar kvar fredag, og vi var femten år gamle.

I 1993 vart dei trio med trommeslagaren Miskiewicz som tredjemann, dei har spelt saman sidan. Snart tjue år etter er Wasilewski enno ein ung mann med ein jamaldrande trio i verds- klassen.

## TRE PÅ TOPP

– Dersom du skal velje dei tre pianistane som har influert deg mest, kva seier du då?

– Den første er Keith Jarrett. «Standards live»-plata frå Tokio høyrer eg på kvar dag. Den andre er McCoy Tyner frå tida han spelte med John Coltrane, så følgjer Herbie Hancock og Chick Corea på delt plass, og når vi først er i ECM-stallen kjem du ikkje utanom Paul Bley.

– Når ein høyrer trioen er det balladane som gjer det sterkaste uttrykket, som er vakre og skil seg ut frå andre sin måte å spele på. Kommentar?

– Det har vel noko å gjere med kva det vil seie å vere ærleg mot seg sjølv, at det ikkje er likegyldig kva du spelar. Du må vere tru mot det som er inne i deg. Er du ærleg mot deg sjølv, blir også musikken best. For meg er det den viktige lærdomen.

ROALD HELGHEIM

